

Fra: Synneve Lauvås[synneve.lauvaas@gmail.com]
Sendt: 19.07.2022 10:01:06
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Klage på sein sakshandsaming i Alver kommune

Til statsforvaltaren i Vestland

Eg vidaresender ein epost som eg sende til Alver Kommune for nær eitt år sidan. Det har ikkje skjedd noko i saka - eg har ikkje fått svar (bortsett frå automatisk tilbakemelding at eposten er komen fram). Tilhøva har vorte verre og verre, då slangen som går ut i sjøen has løсна inne på stranda, og avsiget renn ut på stranda, medan slagen flyt i sjøen som ein sjøorm.

Tidlegare har eg meld frå om saker til kommunen, og det har då også gått mange månader før eg har fått noko svar. Dette er svært nedslåande, og eg ønskjer hjelp til å få løyst det, særleg dette siste med forureining, men også det eg har meld tidlegare som gjeld profesjonell sagdrift i LNF-område - der eg ikkje har fått noko endeleg svar, sjølv om det har gått fleire år.

Takkar på førehand for hjelp til å løysa desse forureiningsproblema.

Med vennleg helsing
Synneve Lauvås
Birkebeinergaten 1
5003 Bergen

Adressa i Alver: Mongstadvegen 507

Eg vil med dette melda frå om at det ser ut som om naboen min sin slange for kloakkavsig frå septikktank, ikkje kan vera etter forskriftene. Det gjeld gbr. 116/79 på Lauvås. Mitt [gbr.nr](#) er 116/30, og røyret frå septiktanken er delvis nedgraven på min eigedom. Lenge gjekk slangen berre ned til stranda, men etter nokre år vart slangen forlenga, og går no ut i sjøen eit stykke. Slangen har ikkje vore gravd ned i strandområdet, og ute i sjøen ligg den delvis i overflata. No stikk enden av slangen også opp over sjøen, slik at alt avsiget kjem ut på sjøoverflata.

Dette kan ikkje vera etter forskriftene, og eg vil be om at dette vert kontrollert. Slik det er no, er det svært mykje forureining i sjøen utanfor min eigedom.

Med vennleg helsing

Synneve Lauvås

